

Årsmelding 2011

**Årsmøte Eikefjord Grendalag
Søndag 25. mars 2012 – kl.18.00**



Eikefjord Grendalag

Sakliste:

- Sak 1: Opning av årsmøte**
- Sak 2: Godkjenning av innkalling og sakliste**
- Sak 3: Val av møteleiar og referent**
- Sak 4: Val av 1 person til å skrive under møteprotokoll i lag med møteleiar**
- Sak 5: Årsmelding 2011**
- Sak 6: Rekneskap 2011**
- Sak 7: Budsjett 2012**
- Sak 8: Val styre 2012 v/valkomité**
- Sak 9: Val – valkomité**
- Sak 10: Val – 2 revisorar 2012**



Årsmelding – Eikefjord Grendalag 2011

Eikefjord Grendalag har hatt 19 styremøte i 2011/2012 etter signert møteprotokoll. I tillegg har det vore 3 samarbeids- møte og eit evalueringsmøte med lag og organisasjonar i høve Eikefjorddagane 2011. Det har også vore eit folkemøte som førebuing til plansmia.

STYRET 2011:

Anders Ole Sunnarvik (leiar), Berit S. Osa (nestleiar/kasserar), Cathrine S. Holsen Gardner (sekretær), Erling Ness, Silje Ø. Standal, Margunn Tonheim, Per Ole Sollie (styremedlemmar).

ØKONOMISK STATUS:

Vi har vore gjennom eit nytt godt økonomisk år. Spesielt Eikefjorddagane gav eit bra resultat. Men det har også gjennom året vore brukt ein del pengar på investeringar. Nemnast her kan skjelsanden på badestranda med kr. 100 000, og byte av plentraktor med kostnad på kr. 40 000 for drifting av grøntanlegg.

Omsetninga for 2011 vart kr. 950 000, med eit overskot på ca. kr. 121 000.

Likvide midlar var ved årsskiftet ca. kr. 400 000, som gjev eit godt grunnlag for drifta inn i 2012.

ARRANGEMENT:

- Jonsokfeiring i tradisjonell form. Godt besøk på Allhuset, men dårleg vêr ved bålet.
- Eikefjorddagane 2011 – enkelt og greitt: **VELLUKA ARRANGEMENT!**
- Dans 30. desember med spelegruppa "Hæla i taket" – overskot ca. kr. 5 000.

EIKEFJORDDAGANE 2011:

Eikefjorddagane opplevde på nytt rekordbesøk i strålende vêr. Det var også i år laurdagen som var best besøkt. Hans Jakob Reite, kjend frå blant anna NRK, sto for opninga, før eit gedigent kakebord organisert av Berit T. Sørbo vart servert. Kakene var som vanleg baka av mange flinke hender i bygda på dugnad, og er alltid populære.

Nytt av året var storteltet med ei integrert scene som var sett opp på langs austafør "ICA butikken." Teltet som amfi fungerte veldig godt gjennom heile helga.

Kyrkjekonserten med Rita Eriksen Trio var fantastisk flott, og gav eit rekordbesøk i Eikefjord kyrkje. Fredagskvelden vart avslutta med samling i teltet til jam. Det var mykje folk og god stemning, som toppa seg ved midnatt då styret i grendalaget framførte eit revyinnslag til stor jubel!

Flott seinsommarvêr møtte forventningsfulle utstillarar på laurdagen. Ustillargruppa hadde gjort ein god jobb og fått både nye, men også dei lojale gjengangarane tilbake på marknadsplassane. Det var god omsetning, og med folkevrimelen var ikkje det så rart at iskremaren frå Feios i Sogn gjekk tom for heimlaga is, og sette ny rekord.

Nemnast spesielt bør også biletkunstnaren Åge Steinset frå Florø som med si flotte utstilling i tidlegare "Nærleiken" sine lokale, omsette for over kr. 100 000 i løpet av helga.

Eikefjorddagane starta også ein forsinka kommune- og fylkesvalkamp der alle kommunepartia var godt representert med stand frå tidleg laurdag morgon.

Barn og ungdom er ei viktig målgruppe for oss under dagane der hoppbakken på plast og "VeltePetter" var nye aktivitetar. "Florarevyen Light" sto for underhaldninga på scena laurdag, med mange artige lokale innslag. Laurdag vart avslutta med dans på Langedalbua med Nybø Band. Det var mykje folk og god stemning.

På søndag var seglskuta "Svanhild" venta inn fjorden men måtte dessverre melde forfall. Skuta kjem sterkare igjen under årets arrangement. Marknadsplassen heldt fram med godt sal, og ivrige seljarar smilte i lag med sola. Trekkplasteret på scena var Roy Aron Myklebust og Birger Mæland kjende frå NRK. Dei fekk lattermusklane skikkeleg i gang blant publikum. Godt innarbeidde dagar, marknadsføringa og ikkje minst vêret, var sterke bidrag til nokre fantastiske dagar i Eikefjord!

PLANSMIA:

I november 2011 var Eikefjord sentrum for eit pilotprosjekt i regi av Flora kommune. Rullering av kommunedelplanen for Eikefjord vart starta ved hjelp av plansmia. Definisjonen av ei plansmie er ein vekelang prosess der eit fagteam i samarbeid med befolkinga legg ein plan for utviklinga i bygda. I dette tilfelle utvikling av areal. Store forventningar møtte plansmia som starta med folkemøte på dag ein. Dei påfølgjande dagane/kveldane var brukt til møteaktivitet mellom grunneigar/utbyggjarar, og kommunen sitt fagteam. Det heile vart avslutta med eit oppsummeringsmøte der planane som vart spelt inn i løpet av veka vart presentert. Det var mykje spennande som var lagt fram. Vi håper resten av planprosessen går fort slik at potensielle utbyggjarar får sette i gang. Grendalaget var ein pådrivar i samband med plansmia, og vil fortsette å vere det vidare i planprosessen.

KYRKJEBUKTA (MILJØSTRANDA):

Arbeidet med slutføring av "Kyrkjebukta-prosjektet" vart gjort i 2010. Det som mangla var behageleg og innbydande sand på badestranda. 300 kubikk skjelsand vart køyrt på stranda i april/mai, til ein kostnad på kr. 100 000. Tilbakemeldingar frå både bygdefolket og tilreisande badegjestar er rosande, og gjev "kyrkjebukta" eit komplett glansbilete. Dessverre skapte stormen "Dagmar" ein del skade på grunnarbeid og asfalt, men dette er innrapportert av Flora kommune til natur-skadeerstatning, og ein håpar at skadane blir utbetra før jonsok.

EIKEFJORDPRISEN 2011:

Toppfotball Sunnfjord vart tildelt Eikefjordprisen 2011. Dette etter 7. året med arrangement der klubbane SK Brann, Lillestrøm, Aalesund, Molde og Sogndal Fotball har delteke. Dette har generert i god marknadsføring av bygda, og overskotet på over kr. 700 000 har vore tildelt til prosjekt på idrettsanlegget. Vinnarprisen på kr. 10 000 vart med ein gong delt vidare til Eikefjord IL, øymerka ungdom og skaterampe.

SØKNADER OM MIDLAR:

Eikefjord Grendalag har søkt om lågterskelmidlar til eit folkehelseprosjekt. Dette er eit prosjekt der meininga er å kjøpe inn sykklar til bruk for allmenta i Eikefjord. Dette er gjort i samarbeid med omsorgstenesta i Eikefjord, og er søkt på gjennom Flora kommune sin folkehelsekoordinator. Grendalaget har og sendt søknad til Sparebankstiftinga om tildeling av gåve til nærmiljøanlegg på stranda. Dersom denne søknaden vert innvilga, skal pengane gå til leikeapparat. Det har også vore søkt om bulystmidlar. Dessverre rakk vi ikkje fram her.

GÅVE TIL OMSORGSSENTERET OG RØDE KORS BESØKSTENESTA:

Grendalaget gav kr. 5 000 til Røde Kors besøkstenesta til innkjøp av grillmat til sosiale treff for bebuarane på omsorgssenteret i Eikefjord.

SAMARBEIDSAVTALE MED FLORA KOMMUNE:

Grendalaget og Flora kommune har inngått ein revidert avtale om arbeidet med grøntanlegg og kyrkebukta. Avtalen går over 3 år og er gjeldande frå 2012 til 2015. Driftsavtalen kan også verte gjeldande for reingjering av toalett/dusj på servicehuset i sesongen. Grendalaget reviderte arbeidsavtalen med Statens Vegvesen om vedlikehald av ein del på rasteplassen i 2010. Avtalen er gjeldande til og med 2015, og honoraret for arbeidet er kr. 8 000 pr. år.

SPONSORAR:

Avtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og Firdaposten som hovudsponsorar for Eikefjord Grendalag, er også gjeldane for 2012.

Styret takkar for all støtte i 2011, og ser fram til eit spennande 10-års jubileum for Eikefjorddagane 17. – 19. august 2012.

Eikefjord, 25.mars 2012

Med helsing

Eikefjord Grendalag

Anders Ole Sunnarvik
Anders Ole Sunnarvik – leiar



Resultatrekneskap

	Note	2011	2010
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		951 273	975 388
Annen driftsinntekt		50	100 050
Sum driftsinntekter		951 323	1 075 438
Driftskostnader			
Varekostnad		181 382	218 206
Lønnskostnad		64 400	21 500
Annen driftskostnad		585 759	731 571
Sum driftskostnader		831 542	971 278
DRIFTSRESULTAT		119 781	104 161
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		1 689	579
Sum finansinntekter		1 689	579
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		138	304
Sum finanskostnader		138	304
NETTO FINANSPOSTER		1 551	275
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		121 332	104 436
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
ORDINÆRT RESULTAT		121 332	104 436
ÅRSRESULTAT		121 332	104 436
OVERF. OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital		121 332	104 436
SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER		121 332	104 436



Balanse pr 31.12.2010

Note	31.12.2011	31.12.2010
EIENDELER		
ANLEGGSMIDLER		
Varige driftsmidler		
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.	59 000	19 000
Sum varige driftsmidler	59 000	19 000
SUM ANLEGGSMIDLER	59 000	19 000
OMLØPSMIDLER		
Fordringer		
Kundefordringer	8 000	0
Andre fordringer	20 544	50 000
Sum fordringer	28 544	50 000
Bankinnskudd, kontanter o.l.	399 919	233 194
SUM OMLØPSMIDLER	428 463	283 194
SUM EIENDELER	487 463	302 194
 EGENKAPITAL OG GJELD		
EGENKAPITAL		
Opptjent egenkapital		
Annen egenkapital	395 150	273 818
Sum opptjent egenkapital	395 150	273 818
SUM EGENKAPITAL	395 150	273 818
GJELD		
KORTSIKTIG GJELD		
Leverandørgjeld	89 217	28 376
Annen kortsiktig gjeld	3 096	0
SUM KORTSIKTIG GJELD	92 313	28 376
SUM GJELD	92 313	28 376
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	487 463	302 194



Resultatrekneskap kontospesifisert

	Note	2011	2010
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salgsinntekt			
3011 Matsservering ED		207 298,00	186 310,00
3030 Programhefte ED		184 000,00	145 100,00
3031 Standleige ED		29 600,00	6 731,00
3032 Billettinntekter ED		81 496,00	82 000,00
3033 Inntekter Dans/Pub		161 601,50	327 344,00
3034 Billettinntekter Kyrkjekonsert		80 570,00	47 800,00
3035 Arrangement ED		35 989,00	7 780,00
3039 Kalende kopper		1 520,00	2 683,10
3040 Div. driftsinntekter		94 198,58	129 640,00
3120 Sponsorinntekter avgiftsfrie		75 000,00	40 000,00
Sum Salgsinntekt		951 273,08	975 388,10
Annen driftsinntekt			
3400 Diverse tilskot		0,00	100 000,00
3900 Andre driftsinntekter		50,00	50,00
Sum Annen driftsinntekt		50,00	100 050,00
Sum driftsinntekter		951 323,08	1 075 438,10
Driftskostnader			
Varekostnad			
4000 Innkjøp - Drikkevarer		3 948,30	50 401,90
4001 Innkjøp - Kolonialvarer		11 643,20	129 191,62
4230 Innkjøp av utstyr		3 210,50	19 862,50
4300 Innkjøp varer for videresalg		162 580,38	18 750,00
Sum Varekostnad		181 382,38	218 206,02
Lønnskostnad			
5000 Lønn til ansatte		64 400,00	21 500,00
Sum Lønnskostnad		64 400,00	21 500,00
Annen driftskostnad			
6300 Leie lokaler		13 000,00	14 500,00
6320 Renovasjon, vann, avløp o.l.		31 554,25	9 406,00
6360 Renhold		904,60	0,00
6411 Leige av utstyr		59 719,25	37 222,50
6440 Leie transportmidler		6 410,00	293,00
6490 Annen leiekostnad		13 815,00	3 048,75
6500 Kostnadsført grøntanlegg		22 253,02	14 037,77
6540 Kostnadsført utstyr		47 343,00	3 500,00
6560 Rekvisita		12 040,15	580,57
6620 Rep. og vedlikehold utstyr		1 894,00	5 385,00
6705 Regnskapshonorar		31 826,25	7 323,00
6727 Honorarer		99 538,00	58 000,00
6790 Annen fremmed tjeneste		2 000,00	62 795,00
6800 Kontorrekvisita		217,70	17,90
6900 Telefon		3 000,00	600,00
6940 Porto		804,00	1 707,50
7140 Reisekostnad, ikke oppg.pliktig		5 580,00	0,00
7320 Reklameannonser		12 849,00	12 435,50
7321 Markedsføring ED		99 500,00	103 591,50
7420 Gaver, fradragsberettiget		59 877,25	79 312,00
7460 Honorarer andre organisasjoner		44 000,00	2 500,00
7770 Bank og kortgebyrer		378,00	461,79

Resultatrekneskap kontospesifisert

	Note	2011	2010
7771 Øreavrunding		0,49	(1,85)
7790 Annen kostnad m/fradrag		17 255,39	314 855,55
Sum Annen driftskostnad		585 759,35	731 571,48
Sum driftskostnader		831 541,73	971 277,50
DRIFTSRESULTAT		119 781,35	104 160,60
FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt			
8050 Renteinntekt bankinnskudd		1 689,00	579,00
Sum Annen renteinntekt		1 689,00	579,00
Sum finansinntekter		1 689,00	579,00
Finanskostnader			
Annen rentekostnad			
8155 Rentekostnad leverandørgjeld		137,89	304,00
Sum Annen rentekostnad		137,89	304,00
Sum finanskostnader		137,89	304,00
NETTO FINANSPOSTER		1 551,11	275,00
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		121 332,46	104 435,60
Skattekostnad på ordinært resultat			
ORDINÆRT RESULTAT		121 332,46	104 435,60
ÅRSRESULTAT		121 332,46	104 435,60
OVERF. OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital			
8968 Overføring udisponert vinning		121 332,46	104 435,60
Sum Overføringer annen egenkapital		121 332,46	104 435,60
SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER		121 332,46	104 435,60



Balanserekneskap kontospesifisert

	Note	31.12.2011	31.12.2010
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.			
1240 Andre transpormidler		59 000,00	19 000,00
Sum Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.		59 000,00	19 000,00
Sum varige driftsmidler		59 000,00	19 000,00
SUM ANLEGGSMIDLER		59 000,00	19 000,00
OMLØPSMIDLER			
Fordringer			
Kundefordringer			
1500 Kundefordringer		8 000,00	0,00
Sum Kundefordringer		8 000,00	0,00
Andre fordringer			
1750 Påløpt inntekt/tilskot		20 543,75	50 000,00
Sum Andre fordringer		20 543,75	50 000,00
Sum fordringer		28 543,75	50 000,00
Bankinnskudd, kontanter o.l.			
1900 Kontanter Eikefjorddagane		11 044,00	3 129,50
1901 Kontanter div.		0,00	(82,58)
1920 Bankinnsk. 3775.03.13745		68 709,24	71 771,29
1921 Bankinnsk. 3775.03.61154		253 056,50	150 439,56
1922 Bankinnsk. 3705.08.05728		67 109,50	7 936,00
Sum Bankinnskudd, kontanter o.l.		399 919,24	233 193,77
SUM OMLØPSMIDLER		428 462,99	283 193,77
SUM EIENDELER		487 462,99	302 193,77
 EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital			
2050 Annen egenkapital		395 150,03	273 817,57
Sum Annen egenkapital		395 150,03	273 817,57
Sum opptjent egenkapital		395 150,03	273 817,57
SUM EGENKAPITAL		395 150,03	273 817,57
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld			
2400 Leverandørgjeld		89 217,16	28 376,20
Sum Leverandørgjeld		89 217,16	28 376,20
Annen kortsiktig gjeld			
2960 Annen påløpt kostnad		3 095,80	0,00
Sum Annen kortsiktig gjeld		3 095,80	0,00
SUM KORTSIKTIG GJELD		92 312,96	28 376,20
SUM GJELD		92 312,96	28 376,20
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		487 462,99	302 193,77

Budsjett 2012

DRIFTSINNEKTER:

Inntekter ED	600 000
Inntekter andre arrangement	25 000
Tilskot/gåver	150 000
Sponsorinntekter	75 000
Andre inntekter	60 000
Sum driftsinntekter	910 000

DRIFTSKOSTNADER:

Innkjøpte varer/utstyr	190 000
Lønn	28 000
Kostnader vedr lokale	20 000
Leie utstyr	35 000
Div honorarer	170 000
Andre kostnader	375 000
Sum driftskostander	818 000

FINANSPOSTER:

Renteinntekter bankinnskudd	1 800
Rentekostnader	150
Sum finans	1 650

Årsresultat **93 650**



Val 2012

STYRET FOR 2011 HAR VORE:

Anders Ole Sunnarvik – leiar
Berit Seljeseth Osa – kasserar
Cathrine S. Holsen Gardner – sekretær
Margunn Tonheim – styremedlem
Silje Ødegård Standal – styremedlem
Erling Ness – styremedlem
Per Ole Sollie – styremedlem

VALKOMITE:

Margunn Bakke og André Høyset



INNSTILLING TIL NYTT STYRE FOR 2012:

Anders Ole Sunnarvik - leiar (1 år)
Berit S. Osa
Cathrine S. Holsen Gardner
Per Ole Solli
Heidi Rimmen (ny)
Magne Karlsen (ny)
Tommy Agledal (ny)

VAL – VALKOMITE 2013

Iris Agledal - leiar
Silje Ø. Standal

VAL – REVISOR

Arthur Førde
Anne Karin Hamn Vassby

